



Alver kommune
Plan og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8055 - 20/19006

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
15.04.2020

Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet GBNR 6/4 Andås

Det omsøkte bygget ligg i umiddelbar tilknytting til E 39 og kjem ikkje i konflikt med landbruks- og naturinteresser så langt me kan sjå. Det er ikkje registrert sjeldne naturtypar eller andre naturinteresser som kan verta råka av tiltaket. GBNR 6/4 er sjølve veggen med vegskulder og det er soleis ikkje ein landbrukseigedom som må gje frå seg noko areal. Det er ikkje naudsynt med jordlovshandsaming då det ikkje er dyrka eller dyrkbar mark jf § 9 i jordlova.

Landbruksavdelinga kjenner til at sti til Austlendingen byrjar i dette området, men går ut frå at dette er teke omsyn til.

Bygget er viktig for å betre tryggleiken i Eikefettunnellen og landbruk har ingen merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet.

Med helsing

Laila Bjørge
Rådgjevar
Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Mottakarar:
Alver kommune